

Hope 15.04.2016

FINDÅS KOMMUNE	
Kommunetjeneste	
19. 04. 2016	
Ark saksnr 16/15 Saksnr.	Løpenr. Tilgangskode

Ref. telefonsamtale med dokumentavd. På rådhuset

---

Vedlegg til søknad om kulturmider av 18.03.2016

Ref. : M5CCCR

PS! Sender dette i posten da det var usikkert om vedlegget i søknaden kunne lastes ned.

Mvh

Kjell Gunnar Håkull

Kasserer i laget for Vestlandsk Fjordfe.

## Bok om Vestlandsk Fjordfe

I våre dagar er det "in" å snakke om tradisjonar og å ta vare på vår gamle kulturarv. Det er viktig for identiteten vår, og det er dei lokale særprega som turistane og innflyttarane er på jakt etter. Vestlandsk Fjordfekua er den eldste levande kulturarven vi har i Norge. Ho kom tidleg, og har vore her i over tusen år. Ho var her saman med vikingane, og er her enno - så vidt.

I 1960 var det 60.000 individ att av rasen. 10 år seinare var det berre 500 igjen, og midt på 80-talet var det berre 70 hodyr att. Då vart redningsaksjonen starta. I dag finst det i overkant av 400 individ, men desse er sterkt truga. Ei Fjordfeku gjev både mindre mjølk og mindre kjøt enn dei større NRF-kyrne. Men forskningsresultat har vist at samansetjinga i mjølka er sunnare. Dessutan er kjøtet mørkt og finmarmorert, og er svært ettertrakta i restaurantbransjen.

Dei fleste Fjordfekyrne held til i små besetningar og er ute heile sumaren, og mange blir sendt på fjellbeite/utmarksbeite. Ved stølsdrift har dei skapt kulturlandskapet i fjellet.

Krav til effektivitet og lønsemd gjer at Vestlandsk Fjordfe taper terreng.

Dette synes vi er veldig trist og vi håper at positiv omtale og reklame for desse små, fargerike og spesielle dyra vil få fleire til å satse på dei.

Ei bok om Vestlansk Fjordfe står difor høgt på ynskjelista vår, og vi er så frimodige at vi spør om pengestøtte til det prosjektet. Om du ynskjer å støtte oss kan ein høveleg sum kan vere frå kr. 5 000 og oppover. Kontonr: 05312 44 9155

Boka vil ta for seg historia til kua frå dei første tider til no. Og tankar om framtida med bruk i marknadsføring og turisme. Sponsorar vil få 3 bøker.

Med helsing

Sigmund Sørum

sekretær i Laget for Vestlandsk Fjordfe



## AVTALE OM BOK – VESTLANDSK FJORDFE

Mellan *Laget for Vestlandsk fjordfe* (VFF) og *John Roald Pettersen* (forfattar) er følgjande avtale inngått:

### Oppdrag:

*John Roald Pettersen* skal skrive historia til Vestlandsk fjordfe, med vekt både på den eldste kjende historia til rasen, utviklinga av rasen og arbeidet til VFF sidan etableringa av laget i 1992.

Ein tek siktet på ei bok på omlag 150 sider, inklusive foto og illustrasjonar.

Forfattaren skal også komme med framlegg til og skaffe fram foto og illustrasjonar til boka, i samarbeid med oppdragsgjevar.

Ved ferdigstilling av boka skal forfattaren, saman med oppdragsgjevar, ha ansvar for nødvendig samarbeid med dei som skal utforme og produsere boka.

### Føresetnader:

Ein føresetnad for eit vellukka bokprosjekt er at *Laget for Vestlandsk fjordfe* er aktive i å skaffe fram kjeldemateriale, som til dømes skriftleg materiale, biletmateriale, informasjon og tips om fagpersonar, moglege intervjuobjekt, etc.

### Honorar:

Sidan det ved inngåinga av avtalen er vanskeleg å vurdere arbeidsmengda som er nødvendig for å innhente grunnlagsmateriale, gjer ein førebels slik avtale:  
Forfattaren stipulerer arbeidet til 3-4 månadsverk, til ein sum av ca. kr. 140.000. Forfattaren fører liste over brukt arbeidstid, og honoreras etter medgått tid. Maksimumsgrense kr. 160.000. minimum kr. 110.000.

Forfattaren har krav på delutbetaling av honoraret undervegs i arbeidet, avgrensia til maksimum kr. 90.000,- utbetal t.d. i bolkar á 3 x 30.000. Fullt honorar utbetalast ikkje før ferdig manus er levert.

I tillegg til honorar skal forfattaren ha dekt nødvendige reiseutgifter i samband med arbeidet, etter nærmare avtale med oppdragsgjevar.

Avtalen om honorar kan eventuelt reforhandlast undervegs i arbeidet, dersom ein av partane ønskjer det.

### Framdriftsplan:

Forfattaren skal levere eit utkast til manus innan utgangen av 2015.

Ålesund/Syklyven 19.okt.2014

John Roald Pettersen  
-forfattar-

Nils Sigurd Drabiøs  
- leiar Laget for Vestlandsk fjordfe-